


# Sort mot sølv!

## Utstyr

- To like syltetøyglas
- Aluminiumsfolie
- Svart måling og pensel
- To termometer
- Solskin



## Framgangsmåte

Dekk utsida av det eine glaset med aluminiumsfolie. Det andre glaset målar du svart. Set eit termometer i kvart glas. Set begge glasa i solsteiken. Mål av temperaturen nede i begge glasa når du startar forsøket. Skriv opp kva temperaturen er på dei to termometera i løpet av ein time. Les av kvart 10. minutt.

Klokkeslett	Det blanke glaset	Det sorte glaset

## Kva trur du skjer?



Kva trur du skjer med forsøket ditt? Skriv svaret ditt på kva du trur vil skje.

## Dette skjedde:



Skriv og teikn kva som skjedde med dei to syltetøyglasa.